

Festidalen må leva

15.03.2010



Frivillige blir orientert om oppgåvene sine før Festidalen-starten i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen må leva, skriv Kvinnheringen på leiarplass i dag.

Avisa kjem med ei oppmoding til kultursjef Kristian Bringedal om å syte for at så skjer.

Han bør etter avisas si mening gå i dialog med styret om korleis ein kan få nye folk inn i leiinga. Her kan ein sikkert læra noko av korleis ein driv Malakoff-festivalen i Nordfjordeid, meiner Kvinnheringen.

Avisa skriv elles mellom anna dette:

'Festidalen slit. Fleire av aktivistane som har drive festivalen har av ulike grunnar trekt seg. Dei som er att i styret føler seg slitne, og det er ikkje vanskeleg å skjøna. Det er alt bestemt at det ikkje blir nokon ny festival i år, kanskje ikkje til neste år heller. Sjølv om utgangspunktet for styret er at festivalen skal leva vidare, tyder mykje på at det brenn eit blått lys for heile festivalen.'

Det vil i tilfelle vera svært synd. Festidalen er blitt eit svært populært arrangement, både mellom fastbuande og utflytte ungdomar. Festivalen har klart å byggja seg opp år etter år og trekte i fjor eit publikum på 3 200 personar.

Eit så stort arrangement gjev sjølvsagt positive ringverknader i nærmiljøet, først og fremst i Uskedalen. Viktigare er det at rockefestivalen, drive fram av frivillige eldsjeler, har gjort meir for å marknadsføra Kvinnherad enn alle 'kom-heim'-arrangement til saman.